

Ytre Haugsdal grunneigarlag  
5986 Hosteland

Masfjorden kommune  
v/ Teknisk Etat  
5981 Masfjordnes

Ytre Haugsdal, 24.8.2015

#### **ANMODNING OM OPPRYDDING I ULOVLEGE TILTAK I SVENESET HYTTEFELT.**

Vi viser til mail fra grunneigar Jannicke Johnsen 19. august om ulovleg tiltak på festetomt nr. 17 i Sveneset til Geir Mehl der det er opparbeida veg og parkeringsplass i strid med Strandplan for Sveneset. Vi viser og til synfaring med Masfjorden kommune v/ Tore Svensen 20. august.


Sveneset hyttefelt omfattar 28 punktfester ihht. strandplanen frå 1978. Dei seinare åra har festarane tatt seg meir og meir til rette og opparbeida private servitutter i strid med denne strandplanen. Utviding av kjøreveier, private parkeringsplassar ut over regulert parkeringsareal går dessverre att og det er også tilfelle i tiltaket Geir Mehl har igangsatt uten å informere grunneigar. Grunneigar har no plassert ein stein for å stenge den nye vegen, inntil kommunen tar stilling til tiltaket. No har Mehl v/ adv. Thommesen sendt krav om midlertidig forføyning for å få fjerna stenginga og kunne ta veg og parkeringsplass i bruk. Vi ber derfor Masfjorden kommune avklare om tiltaket kan godkjennast eller fjernast slik vi anser det.

Vi grunneigarar har ein felles avtale om Sveneset hyttefelt og opptrer difor samla i saker som vedkjem hyttefeltet. Av 28 festekontraktar i feltet har no ca. 15 krevd innløyning i hht. tomtfesteloven. Denne prosessen er dessverre fastlåst ettersom festarane krev innløyning av forholdsvis store tomter ihht. strandplankartet. Grunneigarane hevder at det er punktfester og at storleiken på hyttetomtar bør generaliserast som elles i kommunen og i liknande saker. Grunneigarane ynskjer og at innløyning av deler av feltet vert samordna med omsyn til dei festarane som ikkje krev innløyning no, og evt. vil gjere dette på eit seinare tidspunkt.

Difor er tiltaket som Mehl har igangsatt, og andre liknande tiltak dei seinare åra på andre festetomtar med og privatiserer arealet både innafor og utafor dei grenser som evt. vil bli gjeldande ved eit skjøn for frådelling og innløyning. Andre tiltak av ulovleg karakter er m.a. brygger, bodar, septiktanker med avløp, hogst av skog og vei og parkeringsanlegg. Vi ber difor kommunen setje seg inn i saka slik vi tidlegare har oppfordra til, og avklare om tiltaka er i strid med strandplanen og at innløyning ikkje kan krevast på sviktande grunnlag.

Vi ber om ei tilbakemelding snarast og innan 14 dagar.

For Ytre Haugsdal grunneigarlag



John Torsvik, Jannicke Johnsen, Heidi og Rune Romarheim, Johnny Haugsdal, Raymond Haugsdal (s)